

## Midtre Haram Storvald

Årsmelding 2018 - 14.driftsår

Fjerde år i tredje driftsplanperioden i storvaldet hatt styret hatt denne samansetjinga:

Arne Skaar	Leiar
Anders E. Leine	Nestleiar
Even Otterlei	Kasserar
Caroline Valde	Sekretær
Kristin Håvik Breivik	Styremedlem

I 2018 vart det halde 2 styremøter, eit jegermøte og årsmøtet. Styremøta var forberedande møter til årsmøte og jegermøtet.

Vi starta våren med vårteljning, som vanlig var datoane 15.april og 1.mai. I forhold til tidligare år var det observert meir dyr på Hellandsroda, Slyngstad, Eidsvik og Skår. Ein liten nedgang på Fanneløp og Ertresvåg. Dyra er i konstant bevegelse så dette kan skilje seg frå dag til dag. Teljingane blir utførte av medlemmer frå styret og frivillige jegerar i nærområdet.

Viltnemnda har fått utarbeida ein plan for forvaltningsmåla i Haram kommune. Det er Norsk Hjortesenter på Svanøy som har gjort det meste av arbeidet. Storvaldet vart oppmoda til å kome med innspel på forvaltningsmåla, det kom ikkje inn mange innspel frå grunneigarar og jegerar, men det vart likevel sendt inn tilsvar basert på meiningar i styret og dei få henvendelsane som kom. Vi har ikkje høyrd noko frå kommunen i etterkant.

Samarbeidet med dei enkelte jaktfelte er godt. Rapporteringa skotne dyr og slaktevekt har kome inn i tide. Sett hjort registrering har gått mykje betre enn dei siste åra, påminningar blei sendt ut. Skal ein jakte og forvalte hjortevilt skal en forhalde seg til dette.

Innrapportering av CWD har blitt gjort etter pålegg vi har fått. Styret har vært ute å assistert i prøvetaking ved behov. Foreløpig informasjon er at dette var kun for jaktåret 2018. Ingen funn.

Veret under jakta i 2018 har vore todelt. Frå jaktstart til 1.november var det veldig mykje dårlig ver. Frå november til jaktslutt var det betre ver. Det har som vanleg vore skote mykje dyr i fullmåneperiodane. Frå dei fleste jaktfelta blir det rapportert inn at det er normalår med tanke på hjorteobservasjonar. Sommaren var prega av ekstrem varme og som førte til tørt terreng.

I 2018 vart det felt 86 hjortar og 3 rådyr i heile Midtre Haram Storvald. Dette er 5 fleire enn 2017 sesongen og 6 dyr meir enn avskytningmålet. Vi hadde etter 2017 sesongen eit etterslep på 3 hjort frå dei første åra i denne driftsplanperioden. Inn i siste år i driftsplanperioden ligg vi no 3 dyr framfor skjema. Planen var å vere meir rasjonelle med tilleggsdyr enn i 2017 sesongen, men etter at mange av jaktfelta i kommunen fekk redusert arealkrav per løyve gikk styret vekk frå dette. Alle som bad om tilleggsdyr har fått tildelt ekstra løyve i 2018. Før jaktstart var det fleire av jaktfelta som hinta om at det ville komme søknad til styret om å skyte fleire dyr enn tildelt, ingen slike søknader er mottatt skriftlig. Dersom enkelte områder er spesielt plaga med beiteskader kan man vurdere å ta ut nokre ekstra skaderdyrsløyver, dersom behov. 2018 var eit normalår for rådyrfelling så langt.

Under jakta 2018 hadde vi 6 ettersøk etter påskotne hjortar. 3 dyr vart funnen av ettersøksjeger, eit dyr vart funnen dødt oppe i eit tre dagen etter ettersøket og dei resterande dyra var det ikkje spor etter og vart dermed «friskmeldt». Talet på ettersøk var normalt i år, det er positivt at jegerane oppsøker hjelp når problem oppstår, uansett utfallet til ettersøket. Ettersøksjegerar var i år Even Otterlei og Tor Johan Hatlehol.

I år er det ikkje vorte rapportert om mistanke angående tjuvjakt. Det har vore rapportert inn dei siste åra, forhåpentligvis ein positiv trend.

Når ein ser på snittvekt er det viktig å tenke på at vi streber etter å luke vekk dei minste og svakaste dyra, dette får sjølvstakt innverking på snittvektene.

Kalve vekta gå mykje ned frå 2016/17, og er noko lav.

Det er heile 5 kalvar under 15kg, totalt 7stk uner 20kg.


Fjorskolle vekta er dalande, som den har vore sidan 2014, det er urovekkande at vi har nesten 50% vrakdyr.

Spissbukk vektene er i nedre sjiktet av det vi har sett sidan vi starta med storvald, men forholdsvis lik med 2017.

Tabell for snittvektar:

Snittvekt	Kalv	FK	SB	EK	EB
2005	25,8	46,2	48,6	53,1	77,4
2006	25,6	41,9	45,8	53,8	65,4
2007	24,4	43,3	45,8	54,1	72,5
2008	24,3	41	46,3	53,2	83,2
2009	24	40,7	48,9	54,8	83,9
2010	23,3	40,9	46	54,9	70,5
2011	23,8	39,5	43,2	52,7	69,9
2012	26,2	41,8	45,1	56,5	78
2013	25,1	40,6	47	52,7	79
2014	23,7	45,2	46,1	54,2	86,5
2015	26,9	44,1	49,4	55,6	78,5
2016	23,3	40,8	48,6	55,6	91,6
2017	23,8	40,8	45,5	54	84
2018	21,6	39,8	45,8	53,8	80,5

Årlig utvikling av vektar:



Som vi kan sjå i tabellen nedanfor skyt vi forholdsvis jevnt av dei ulike kjønn og aldersgrupper igjennom dei siste driftsperiodane. Det blir også i 2018 sesongen skote mange eldre koller utan at det er felt kalv. 7 av 19 koller er over 55kg, kanskje bør man i enkelte tilfeller velje å la disse gå. Ein del av målsetjinga er å spare store, gode avlsdyr, og legge uttaket på ungdyr.

Antall	Hokalv	Hannkalv	FK	SB	EK	EB
2018	11	9	11	15	19	21
2017	7	14	13	12	21	14
2016	9	10	16	14	21	17
2015	7	14	10	12	15	11
2014	10	9	10	15	19	16
2013	11	10	11	25	21	14
2012	15	8	10	11	25	11
2011	13	13	6	12	22	12
2010	13	8	17	16	24	6
2009	11	11	12	10	24	15
2008	8	11	11	11	20	14
2007	10	14	6	9	18	18
2006	15	15	12	7	19	6
2005	9	9	6	13	13	10

Avskyting i forhold til satte mål i driftsplan:

2018	Kalv %	Kvige%	Kolle %	Bukk %
Skote	23	13	22	42
Målsetjing	30	15	20	35

Samla kjøttutbytte av hjortejakta er 4293kg, som med ein kg-pris på 75kr tilsvarer kr. 321975.

Totalt i 14års perioden er det skote 1103dyr.

Det er tatt ut ein kalv/ungdyrprosent på 53, som er det lavaste i storvaldet si historie (dei siste 14åra). Dette er stikk i strid med forslaget Haram Kommune hadde ute i haust, der målet er 65%. Største bukken vog 126 kg, minste kalven vog 13 kg.

Fire spissbukkar og fire fjorskoller har vorte klassa ned til kalv i år, men fem fjorskoller har vore under grensa for nedklassing. Tre kalvar har blitt ført på storvaldet si skrapdyrkvote, men sju kalvar har vore

under vektgrensa på 20kg. Ein kan spørje seg om skrapdyrgrensa er noko høg, samtidig er det bra å belønne uttak av små dyr.

Under jakta har styret kontrollert 14 felte dyr utan merknad. Under kontroll har det vore observert fleire tilfelle av skot i haud, vi minnar om at dette er tolka som inhuman jakt i viltloven og dermed er forbode.

Det er ytra ønskje frå Haram Kommune om 3årig driftsplan.  
Det er ytra ønskje frå Haram Kommune om max uttak av 15% EB.

MHS har utfordra viltnemnda til å vere på ballen når kommuneplanen no er ute for høyring.

Storvaldet er registrert i Brønnøysundsregisteret med organisasjonsnummer 916 463 944.

Revejakta **1. plass:** 5,1kg, Rene Gangstad.  
Kniv kjem i posten

Storvaldet har heimeside ”www.mihas.no” som har blitt oppdatert nesten daglig gjennom heile jaktperioden. Mange er flinke å sende inn bidrag i form av bilde. Dei gangane det kjem ei historie ilag med bildet er det ekstra hyggelig.  
Vi får gode tilbakemeldingar på nettsida, også frå personar som ikkje jaktar eller er grunneigar i storvaldet.

Den nyoppretta facebook sidan har vore forholdsvis lite aktivitet på.

2019 blir femte år i tredje driftsplanperiden.  
Driftsplanen vil bli revidert ifm inkludering av Helland og evt Remme.

For styret i Midtre Haram Storvald  
Anders Engeseth Leine, nestleiar